



Matias Orheim var av og til på farten også i Kvinnherad og ein av dei som minnst han er Kristian Hus, noverande redaktør for nettstaden HusnesNett og mangeårig medieprodusent i Kvinnherad.

I samband med Orheim-kvelden i Uskedalen plukka han fram eit minne om den blinde predikanten som spela på glas.

Tidleg i 1950-åra var han med far sin i bedehuset i Rosendal og i skulen på Løfallstrand der han fekk æra av å tre filmen i apparatet til Orheim og vera ansvarleg for at bileta kom på lerretet.

Hus legg til:

- Når eg tenkjer på det i dag var det kan henda allereie der og då eg fekk interesse for film og foto.

I alle fall kan slike tilfeldigheter føra oss inn på ukjende vegar i livet!

Av Ola Matti Mathisen